

Frå Baroniet til Grunnlova

08.09.2012



Professor og seminarleiar Jørn Øyrehaugen Sunde flankert av føredagshaldarane Eirik Holmøyvik og Rasmus Glenthøj som har skreve kvar si bok om emnet

Uskedeling og jusprofessor Jørn Øyrehaugen Sunde som framleis er forskar ved Rosendal Baroni hadde gjort eit spesielt grep i samband med årets historiske seminar som var nummer 11 i rekka.

Han hadde gått ut av den tradisjonelle baroniramma og teke Grunnlova som tema i samband med at det no er 200 år sidan vi fekk ho.

**Deltakarane tykte seg var eit vellukka grep.
Utruleg mykje kunnskap om vesentlege hendingar i historia vår er formidla i Borgstova i dag og ein av konklusjonane må bli at det er svært interessant å markera jubileet.**

Mona Ringvej, Lars August Kvestad, Eirik Holmøyvik og Rasmus Glenthøj formidla kunnskap etterat ambassadør Ingvard Havnen frå Rosendal hadde opna seminaret. Holmøyvik og Glenthøj har nyleg skrevne bøker om temaet og Holmøyvik som er vd Universitetet i Bergen streka ikkje minst under den radikale vektinga i grunnlova vår, og då i stor grad prega av likskapsprinsippet,

Bakteppet her var USA og Frankrike med uavhengigkeitserklæringa og revolusjonen men også andre eldre og anti-arisokratiske friheitsrørsler.

Det som fann stad i dei større landa var ein sosialrevolusjon men i tillegg eit oppgjer med eneveldet og føydalsamfunnet.

Grunnlovsmakarane våre hadde därleg tid fordi svenskane banka på døra, understreka Holmøyvik. På den andre sida var det ikkje nokon revolusjonær situasjon i vårt land - det var ingen adel å drepa. Men grunnlova vår var utruleg radikal.

Føredragshaldaren kom også mykje inn på organiseringen av Stortinget som vart det einaste i Europa med eitkammersystem. Riktignok vart det Odelsting og Lagting, men det var ein kiasiordning.

Tekst og foto: Ola Matti Mathisen